

Vil lokke nordmøringar til kor



Bur du i Sunndal og har ei rusten stemme? Då er kora i bygda garantert interessert i deg!

SYNNØVE HOLE synnove.hole@nrk.no

Publisert 27.09.2009 15:05. Les original artikkel [HER](#).

Denne helga forsøker dei fire kora i Sunndal å lokke til seg nye og gamle korsongarar. Det er Sunndalskoret Grøa Songlag, Jazzåkoret, Dalen Mannskor og Øksendal Songlag som denne helga har vore samla på Sande skule.

Vi har fått tak i nye songarar, fortel initiativtakar Bodil Hagerup Lægreid entusiastisk. Ho trur alle dei fire kora har fått to-tre-fire nye songarar i løpet av helga, og i tillegg har dei lokka fram gamle songarar.



Initiativtakar Bodil Hagerup Lægreid fekk ideen hos NRK.
Foto: Ola Mulvik

Idè frå NRK

Idèen om å samle dei fire kora i bygda til ei felles samling - for å få ny kveik og nye medlemmer - kom då Bodil Hagerup Lægreid sat framfor fjernsynet før jul. Ho er sjølv dirigent for to av kora i kommunen, Sunndalskoret Grøa Songlag og Dalen Mannskor, og visste at det var behov for ny kveik.

Eg såg dirigenten Øystein Fevang frå NRK-programmet "Den syngende bydelen", og tenkte han var litt av ein person! Fevang framsto som både positiv og inspirerende, seier Hagerup Læg Reid. Denne helga var den einaste Fevang var ledig, og den gjekk til songarane i Sunndal.



Dirigent Øystein Fevang, kjend for NRK-programmet 'Den syngende bydelen'.
Foto: Ola Mulvik

Oppglødd deltakar

Ola Mulvik syng i Dalen Mannskor, og er ein av deltakarane denne helga. I invitasjonen heitte det at håpet er at alle kora skal bli solide og livskraftige kor etter seminaret. Mulvik er oppglødd etter å ha syngt fredag, laurdag og søndag.

Dette har vore kjempeflott, og eg vil påstå at vi no syng betre enn før helgasamlinga. Øystein Fevang er fenomenal, vi har lært mykje sangteknikk, seier Mulvik.